

MØTEPROTOKOLL

--

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd		
Sak frå : 01 / 2019 Sak til: 09 / 2019	Onsdag 30 januar 2019	<u>Møtestad:</u> Herdla kyrkjelydshus.

Frammøtte: 5 av 7 medlemmer, 2 varamedlemar.

Til stades

Medlemer:
Kjellaug Fauskanger Eidsaa , Kjell Berland, Ivar Eidsaa, Astrid Marie Haugland og Reidun Håpoldøy.
Varamedlem: Gunnvor Eggebø Næss og Bente Breivik.
Meldte forfall: Einy Daviknes og Solfrid Kongshaug Aase.

Andre frammøtte: Håkon Andersen var med i byrjinga av møtet.

Sak / år:

01/2019: Møteprotokoll frå møte 12 desember vart godkjent.

02/ 2019: Meldingar:
Ingen meldingar.

03/ 2019: Gudstenesteliste:

16/12: **kl.18.00:** Lysmesse v/ Astrid Marie Haugland. Offer: Diakonalt arbeid på Askøy.

Konfirmantane deltek. Ansvarleg: Team 4.

19/12: kl.17.00: Kveldsgudsteneste. Bebruarar frå Fromreide eldresenter er med. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30. Song av Evangelis.

24/12: **kl.15.00:** Julaftagudsteneste v/ Arve Hansen Haugland. Offer: Kirkens nødhjelp. Ansvarleg: Team 1.

26/12: kl.11.00: Høgtidsgudsteneste v/ Michael Møgster. Nattverd. Offer: Leif Heggernes sitt arbeid. 2. juledag. Ansvarleg: Team 2.

06/01: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer: Det norske Misjonselskap. Ansvarleg: Team 3.

16/01: kl.17.00:Gudsteneste på Fromreide eldresenter.Nattverd. Kaffi frå kl.16.30.

20/01: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Michael Møgster. Nattverd. Offer: Eige arbeid. Ansvarleg: Team 4.

.....
03/02: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer: Eige arbeid. Markering av Samefolkets dag. Ansvarleg: Team 1.

13/02: kl.17.00: Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30.

17/02: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Marianne B Gammelsæter. Nattverd. Offer: Bibelselskapet.

04/ 2019 :Evaluering og førebuing av gudstenestene:

19/12: Fint med ei kveldsgudsteneste i adventsstida, der også bebuarane frå eldresenteret var med. Det vart ganske trangt rundt borda under kyrkjekaffien.

24/12: Mykje folk i kyrkja og ei fin gudsteneste. Dei kjente julesangane som vi vanlegvis syng på bokmål, bør også vere det på julafta.

03/02: Vi markerar Samefolkets dag, som er 6 februar. Det vert salmar og bønner som passar til dagen og har elles med litt samiske effektar.

17/02: Markering av Bibeldagen og offer til Bibelselskapet.

05/2019:Lydanlegg i kyrkja v/ Håkon Andersen:

Håkon orienterte om anlegget som er i kyrkja no, og alternativ til eit nyare anlegg. Det er viktig at det ikkje ruver for mykje i kyrkjerommet og at vi har lagringsplass når det ikkje er i bruk. Det må vere flyttbart, så det kan brukast ute. Vi har eit anlegg som vi kjøpte frå Terje Haugom, som var tenkt til barnekoret. Dette kan kanskje brukast og eventuelt supplerast.

06/2019: Kyrkjevalet 2019:

Kor mange kandidatar har vi?

Kven av soknerådsmedlemane er med vidare?

Skjema med forslag og gjeremål i soknerådet.

Vi samtalte litt om kven vi har av medlemane som vil vere med i neste periode. Vi må ha 11 personar på lista og har ein god del allereie. Forslag til kandidatar kan formidlast til Kjellaug.

07/2019:Dato for medarbeidarfest 2019:

Vi har 2 fredagar i april/mai som passar og finn ut kven som er best.

08/2019:Song/salme/temakveldar denne våren.

Det vert ein temakveld med Randi Hovgaard, der konfirmantane er med og ein song/salmekveld med Terje Haugom og Geir Kvinge.

09/2019: Eventuelt:

- Håkon orienterte om arbeid som skal utførast i kyrkja:
Maling av resten av fasaden i vår.
Skifting av ovner.
Rullestolrampe opp til koret.
- Maling av salen i kyrkjelydshuset frå 13 februar. Utført av ei gruppe frå Y's men. Vi gjer klar for maling kvelden før.
- Det er ynskje om Pusterom i kyrkja igjen.
- Tatt opp saka om eit skriv angående gravminne på kyrkjegarden. Leiar tek kontakt med kyrkjeverje om vidare behandling.

Neste møte vert onsdag 27 februar 2019,

Håpolden, 5 februar 2019.

Reidun Håpoldøy.

Referent.